



Representantar FAU

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/2417 - 14/12942

Saksbehandlar:

stine.pedersen.sylta@radoy.kommune.no

Dato:

24.11.2014

Referat frå møte i FAU 19.11.2014

Tilstades: Øyvind Morken, Willem Vogelaar, Nina Larsen, Kathrine Murberg, Trond Sverre Myrtveit, Kari Færøy og Marianne Lilletveit. Inger Morken Ellingsen var til stades på første del av møtet.

Forfall: Nina Uthaug, , Tor Erik Skråmestø, Margrethe Kalsås, Karen Toska, Mai-Liss S. Møn

Det var ingen som hadde meldt forfall før møtet starta. Nokre av medlemmane hadde ikkje motteke innkallingane, men berre referatet frå møtet i 17.mai komiteen 12.11.14. Det vart difor avtala at Marianne, som sekretær skal sjekka opp i om ein kan senda sms som påminning om møte, nokre dagar før. Radøy kommune har tidlegare hatt eit system som dei kan nytta til slikt. Om FAU ikkje kan nytta denne tenesta, kan Marianne sende ut sms privat. Alle medlemmane må uansett sende Marianne mobilnummeret sitt på 45222240.

Ymse:

Inger hadde ei ekstra sak vedkomande skuleruta for skuleåret 2015/16. Det er kome eit framlegg frå Rådmannen som tek utgangspunkt i skuleruta som Bergen kommune har vedteke, med små endringar. FAU vart einige om å gå for rådmannen sitt forslag. Representantar i SMU tek dette vedtaket med seg på møte der.

Informasjon om samarbeid heim-skule v/Inger

Inger informerte om plan for samarbeid heim-skule utarbeidd av kommunalsjef oppvekst, Jo Tømmerbakke. Merknad til denne planen (vedlagt til dei som ikkje var på møtet) er at når det gjeld delen som handlar om mobbing og særskilde program knytt til dette, gjer Manger skule pr. i dag følgjande: 1.-4 trinn brukar Zippys venner. 5.-7. trinn skal nytta "det er mitt val" frå Lions quest. Nokre av lærarane på mellomtrinnet manglar kursing i dette og Jo er sett på saka for å få til kurs for dei kontaktlærarane som manglar kursing. Det er ønskjeleg at FAU på neste møte ser på kva forventningar heimane har til skulen. Det vart diskutert ein del forventningar på møtet og. Det som vart nemnd er:

* færre born pr. lærar/ auka lærartettleik

- * at elevane har eit godt læringsmiljø og at dei lærer noko
 - * at det vert gripe fatt i mobbesaker og at det vert gjort noko med (at det psykososiale miljøet til elevane er ivarteke)
 - * raske tilbakemeldingar dersom det skulle vera noko, enten det gjeld mobbing, faglege utfordringar eller liknande.
 - * at foreldra kan ha ein del av foreldresamtalen utan at eleven er tilstades, og at dette er likt for alle og ikkje berre gjeld den eine som har behov for det ”der og då”.
- Det er ønskeleg at alle i FAU tenkjer gjennom sine forventningar til neste FAU møte.

Oppsummering frå møtet i 17.mai komiteen 12.11.14

Komiteen er godt i gong og har allereie fått ein delting avklara. Det er oppretta ei facebook gruppe for komiteen. Det var ønskeleg at alle i FAU hadde tilgang til denne, slik at alle kan halda seg oppdatert. Kan Margrethe ordne dette?

Komiteen har avtala å halda eit felles foreldremøte for alle foreldra på skulen på nyåret. Her vil det verta informert om arbeidet som skal gjerast og at 17.mai er borna. Målet er å få foreldra motiverte og at det vert stor oppslutnad kring dugnadsarbeidet. Etter fellesmøtet deler dei ulike trinna seg og fordeler/ diskuterer deira ansvarsområde. Dette arbeidet skal begge klassekontaktane i kvar klasse organisera. Det er difor viktig at alle stiller, eller at ein kallar inn vara dersom ein ikkje kan kome. På neste møte i komiteen og i FAU skal foreldremøtet planleggjast vidare.

Felles retningslinjer for classesider på facebook.

Fleire av klassane har eiga side for foreldre i klassen på facebook. Det har ikkje vore avklara kva desse sidene skal nyttast til . FAU ønskjer at det skal vera klare retningslinjer for desse sidene, og avtala at ein foreldrekontakt i kvar klasse skal skriva følgjande på veggen på sin klasse si side:

Fleire av klassane har eiga side for foreldre i klassen på facebook. Det har ikkje vore avklara kva desse sidene skal nyttast til . FAU ønskjer at det skal vera klare retningslinjer for desse sidene, og har kome fram til følgjande:

Klassesida på facebook er nyttig for å kunna dela informasjon om diverse, til dømes kakebaking til ulike tilstelningar, aktivitetar utanom skulen eller ein kan etterlysa bortkomne klede og liknande. Det denne sida ikkje bør nyttast til, er å dela personlege meiningar eller einskildhendingar i høve andre foreldre, elevar, lærarar eller andre som er tilknytta klassen på nokon måte. Til slike ting nyttar ein dei forum som er lagt til rette for det saka måtte gjelda. Det er og viktig at ein hugsar på kva som er lov å publisera av bilete og liknande, utan samtykke. Denne lenkja gjev informasjon om dette og mykje anna.

<http://www.nettvett.no/for-foreldre/bilder-av-barn>

FAU synes sidene er eit nyttig reiskap for samarbeid mellom foreldre, og ønskjer at desse sidene skal fungere godt til det også i framtida.

- FAU -

Saker til neste møte:

*Forventningar til skulen jf. Plan for heim-skule samarbeid

*Foreldremøte vedkomande 17.mai

*Endringar i organiseringa av representantar til FAU

*Lekser – leksefri – leksehjelp. Kva tankar har FAU kring dette?

Det vart avtale nytt møte 14. januar kl. 19.00 – eiga innkalling kjem. Det vert møte i 17.mai-komiteen same kveld kl. 18.00.

Marianne Villanger Lilletveit

- referent -

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Karen Toska	Toskavegen 595	5936	MANGER
Kari Færøy	Raunholmskogen	5936	MANGER
	5		
Karianne Hole Tveiten	Langhøyane 29	5936	MANGER
Kathrine Kolstad Murberg	Sævdalsvegen 24	5936	MANGER
Mai-Liss Sylta Møn	Selfallet 84	5936	MANGER
Margrethe Kalsås	Huldredalen 7	5936	MANGER
Marianne Villanger Lilletveit	Langhøyane 17	5936	MANGER
Mona Husebø	Mangersnesvegen	5936	MANGER
	202		
Monica Larsen			
Nina Larsen	Hesthaugen 2	5936	MANGER
Nina Uthaug	Sætrevegen 223	5936	MANGER
Tor Erik Kolstad Skråmestø	Raunholmskogen	5936	MANGER
	21A		
Trond Sverre Myrtveit	Dalland 30	5936	MANGER
Willem Vogelaar	Toskavegen 484	5936	MANGER
Øyvind Morken	Radøyvegen 1471	5936	MANGER